

Erik Danielsen er vinnar av Pilt-Ola prisen 2023

Juryen si grunngjeving:

Det er ein utolmodig, handlekraftig og uredd person som mottar årets Pilt-Ola pris i Ryfylke. Vinnaren har saman med sine kollegaer utvikla ein moderne og populær skule, som stadig er på leit etter nye moglegheiter og fleire bein å stå på.

Sjølv har prisvinnaren vore tilsett ved same arbeidsplass, sidan han som nyutdanna gymnastikklærer fekk jobb ved Strand vidaregåande skule på Jørpeland i 1987. Kort tid etter flytta ein over i nye lokale på Tau, der skulen har hatt ei rivande utvikling i nærare 35 år. Det gjeld ikkje minst sidan 2007, då Erik Danielsen overtok som rektor.

To år tidlegare, i 2005, hadde han som avdelingsleiar gått i bresjen for bygginga av Ryfylkehallen, ein fotball- og idrettshall som då var den største og einaste i Rogaland. Hallen var eit unikt samarbeid mellom fylkeskommunen som skuleeigar, lokalt næringsliv, kommune og dei lokale idrettslaga. Og ingen er i tvil om at hovudarkitekten bak hallen var nettopp Erik Danielsen.

Hallen gav grobotn for at Rogaland Fylkeskommune etablerte idrettslinje ved Strand vidaregåande skule. Ei anna suksesshistoria er havbrukssenteret med akvahall på skulen. Etter at Strand vgs overtok havbruks- og fiskeriutdanninga i Rogaland, har alle pilar peika oppover. Med solid partnerskap med havbruksnæringa, er naturbruksutdanninga eit fyrtårn i norsk målestokk. Erik Danielsen har brukt vesentleg med energi og kløkt i denne prosessen.

Rektor Danielsen er ikkje redd for å søkja nye utfordringar på vegner av skulen, og toler om ikkje alt slår til. «Me må prøva!», seier han tydeleg og veit at musikkutdanning og e-sport ikkje er plankekøyning. Men, som det står i statuttane til Pilt-Ola prisen: «Kandidaten har ikkje gjeve opp, trass motbakkar».

Pilt-Ola prisen skal gå til enkeltpersonar som har bidratt til positiv utvikling i og for Ryfylke, og som har sett spor etter seg ved å tenkja nytt. Dette kan ein utan tvil seia om Erik Danielsen. Strand vidaregåande skule er svært populær både blant ungdom i Ryfylke og Stavanger. Då Erik Danielsen starta som rektor var det 340 elevar ved skulen. I dag er talet 650, og nå startar utbygginga for å kunna husa 800 elevar om tre-fire år.

Nye idrettsanlegg skal også byggjast, og filosofien er at anlegga skal brukast av skulen på dagtid og lokalsamfunnet på kveldstid.

I statuttane står det at «tildelinga gjev god marknadseffekt for Ryfylke». For å seia det rett ut: Erik Danielsen har bidratt til at Strand vidaregåande skule er eit flaggskip for både ungdom, skule og næringsliv i regionen.

Det er også prisverdig at rektoren har gått i spissen for løfta fram verdisynet til skulen: «Å sjå det beste i den enkelte.» Dette gjeld både overfor tilsette og elevar. Her veit juryen at Erik Danielsen er ein populær og omgjengeleg rollemodell, som byr på seg sjølv, vågar å stikka seg fram, tar rommet, men ikkje minst gjev rom og plass til dei som er rundt han.

Erik Danielsen er ingen typisk fylkeskommunal administrator. Han vil ha fortgang og resultat, og gjev klar beskjed kva han meiner og kva han trur vil verka. Derfor har han lukkast som leiar og medmenneske, og er til inspirasjon for mange i og utanfor Ryfylke.

Erik Danielsen er ein verdig vinnar av Pilt-Ola prisen 2023!